

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 07.05.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 10.00 - 13.05

Møtedeltakarar	Parti
Iren Klungtveit Slagstad	AP
Kari Vaage Gjuvsland	AP
Kristine Bøe Berge	AP
Mads Drange	AP
Stian Ollila	AP
Sølve Myrvang	AP
Harald Bjarne Hellesen	H
Sverre Underbakke	H
Randi Laache Kilane	KRF
Torbjørn Indrebø	KRF
Berit Fyljesvoll Haugslund	SP
Øystein Wigestrund	SP
Øyvind Tveitane Lovra	SP
Åshild Vetthus	SP
Åsmund Bakka	SP
Reidar Sand	SV
Dag Fisketjøn	V
Olav Lindseth	V

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Lars Arne Bjørkland	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Geir Ove Løland	SP

Andre:

Kommunedirektør Siri Halvorsen
Kommunalsjef Øyvind Stueland
Kommunalsjef Turid Vaage
Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil

Håkon Nielsen m/fleire frå songutvalet orienterte om Syngande kommune før møtet.

Møtesekretær:
Marit Bog

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
014/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
015/26	Godkjenning av møteprotokoll	
016/26	Spørsmål og interpellasjon	
017/26	Meldingar	
018/26	Søknad om fritak frå politisk verv i ungdomsrådet	
019/26	Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS	
020/26	Lyse AS - modernisering av eierkontakten og medarbeiderinvolvering, oppfølging etter eierkontroll	
021/26	Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen	
022/26	Revidering av retningslinjer for Tilskotsordningar for kultur, idrett- og nærmiljøtiltak	
023/26	Skulemåltid	
024/26	Helsekonsekvensutgreiing	
025/26	Heilskapleg bustadstrategi	
026/26	Strategisk næringsplan 2026-2030	
027/26	Kammen - bustadområde avsett i kommuneplanen	
028/26	Vatn og avlaupshandtering frå krysset inn til Nedre Dalane og opp mot Olastien - tilleggsløyving	
029/26	Vinjarheim - riving av 3 omsorgsbustader	
030/26	Sommarleir for krigsramma barn frå Tiahyn kommune og kulturelt samarbeid sommaren 2026	
031/26	Klage på avslag om støtte til energieffektivisering	
032/26	Klage - søknad om støtte til bustadbygging	Ikkje offentleg

014/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Samrøsytes

K - 014/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

015/26 Godkjenning av møteprotokoll

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

K - 015/26 Vedtak:

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre.

016/26 Spørsmål og interpellasjon

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Det er ikkje meldt spørsmål og interpellasjon til møtet.

K - 016/26 Vedtak:

Det er ikkje meldt spørsmål og interpellasjon til møtet.

017/26 Meldingar

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

ME 1 Høyringsssvar frå Suldal kommune: Forslag om integreringsstønad for nykomne flyktningar

ME 2 Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 05.03.26

ME 3 Protokoll frå styremøtet i Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS 19.03.26

ME 4 Referat frå møte i Sand grendeutval 08.04.26

ME 5 Referat frå møte i Øvre Suldal grendeutval 09.04.26

ME 6 Referat frå møte i Jelsa grendeutval 16.04.26

ME 7 Referat frå møte i Erfjord grendeutval 18.02.2026

ME 8 Referat frå møte i Hylsfjorden grendeutval 17.02.26

ME 9 Referat frå møte i Ropeidhalvøya grendeutval 25.02.26

ME 10 Referat frå møte i Ropeidhalvøya grendeutval 30.03.2026

ME 11 Referat frå møte i Vinjar grendeutval 07.04.26

ME 12 Årsmelding for Suldal kontrollutval 2025

K - 017/26 Vedtak:

Til vitande.

018/26 Søknad om fritak frå politisk verv i ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling

1. Einar Tostrup Basmo vert innvilga fritak frå verv som medlem i ungdomsrådet for resten av perioden.
2. Kommunestyret veljer som medlem og som varamedlem til ungdomsrådet i perioden 07.05.2026 til og med 31.12.2027.

Kommunedirektøren legg fram saka utan innstilling i punkt 2.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsforslag, Fellesforslag:

1. Einar Tostrup Basmo vert innvilga fritak frå verv som medlem i ungdomsrådet for resten av perioden.
2. Jone Gjuvslund blir valt som fast møtande medlem. Kommunestyret ber administrasjonen komma tilbake med informasjon om rekrutteringsprosess og kven som er den naturlege kandidaten til opprykk som tredje vara.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake til kommunestyret med forslag til reviderte retningslinjer til samansetning av ungdomsrådet som i større grad ivaretek geografisk spredning og kjønnsbalanse.

Samrøystes i samsvar med fellesforslag.

K - 018/26 Vedtak:

1. Einar Tostrup Basmo vert innvilga fritak frå verv som medlem i ungdomsrådet for resten av perioden.
2. Jone Gjuvslund blir valt som fast møtande medlem. Kommunestyret ber administrasjonen komma tilbake med informasjon om rekrutteringsprosess og kven som er den naturlege kandidaten til opprykk som tredje vara.

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake til kommunestyret med forslag til reviderte retningslinjer til samansetning av ungdomsrådet som i større grad ivaretek geografisk spredning og kjønnsbalanse.

019/26 Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS

Suldal kontrollutval si innstilling

Suldal kommunestyre tar den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten med eigarskapskontroll om «IVAR» til orientering.

Rapporten vert sendt over til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar til kommunen.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret og kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med Suldal kontrollutval si innstilling.

K - 019/26 Vedtak:

Suldal kommunestyre tar den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten med eigarskapskontroll om «IVAR» til orientering.

Rapporten vert sendt over til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar til kommunen.

Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret og kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak

020/26 Lyse AS - modernisering av eierkontakten og medarbeiderinvolvering, oppfølging etter eierkontroll

Kommunedirektøren si innstilling

1. Suldal kommunestyre gir sin tilslutning til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik de fremgår av saken vedlegg 3A.
2. Suldal kommunestyret slutter seg til at eierkontakten moderniseres med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvidet eiermøte.
3. Anbefalingen fra eierkontrollen knyttet til bedriftsforsamlingen er med dette fulgt opp og avsluttet. Når generalforsamlings vedtak foreligger oversendes det til Rogaland kontrollutvalgssekretariat.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

1. Suldal kommunestyre gir sin tilslutning til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik de fremgår av saken vedlegg 3A.
2. Suldal kommunestyret slutter seg til at eierkontakten moderniseres med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvidet eiermøte.
3. Anbefalingen fra eierkontrollen knyttet til bedriftsforsamlingen er med dette fulgt opp og avsluttet. Når generalforsamlings vedtak foreligger oversendes det til Rogaland kontrollutvalgssekretariat.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

F - 022/26 Vedtak:

1. Suldal kommunestyre gir sin tilslutning til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik de fremgår av saken vedlegg 3A.
2. Suldal kommunestyret slutter seg til at eierkontakten moderniseres med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvidet eiermøte.
3. Anbefalingen fra eierkontrollen knyttet til bedriftsforsamlingen er med dette fulgt opp og avsluttet. Når generalforsamlings vedtak foreligger oversendes det til Rogaland kontrollutvalgssekretariat.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

alternativt forslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

1. Suldal kommunestyre sluttar seg til endringar av Lyse AS sine vedtekter slik dei går fram av saka vedlegg 3A.
2. Suldal kommunestyre sluttar seg til at eigarkontrakten blir modernisert med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte.
3. Tilrådinga frå eigarkontrollen knytt til bedriftsforsamlinga er med dette følgd opp og avslutta. Når generalforsamlinga sitt vedtak ligg føre, blir det oversend til Rogaland kontrollutvalssekretariat.

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med alternativt forslag.

K - 020/26 Vedtak:

1. Suldal kommunestyre sluttar seg til endringar av Lyse AS sine vedtekter slik dei går fram av saka vedlegg 3A.
2. Suldal kommunestyre sluttar seg til at eigarkontrakten blir modernisert med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte.
3. Tilrådinga frå eigarkontrollen knytt til bedriftsforsamlinga er med dette følgd opp og avslutta. Når generalforsamlinga sitt vedtak ligg føre, blir det oversend til Rogaland kontrollutvalssekretariat.

021/26 Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet, 22.04.2026

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 011/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 011/26 Vedtak:

Teke til vitande

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling: Samrøystes.

LEV - 017/26 Vedtak:

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med levekårsutvalet si innstilling.

K - 021/26 Vedtak:

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

022/26 Revidering av retningslinjer for Tilskotsordningar for kultur, idrett- og nærmiljøtiltak

Kommunedirektøren si innstilling

- Kommunestyret vedtar vedlagte retningslinjer for kulturmidlar.
- Kommunestyret delegerer til grendeutvala å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.
- Kommunestyret delegerer til idrettsrådet å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.
- Tildelingsbrev frå grendeutval, idrettsråd og administrasjonen er enkeltvedtak med ordinær klagerett til hovudutval for kultur.
- Kommunen beheld ansvar for større tiltak og ordningar som ikkje er delegert.

- Administrasjonen legg årleg fram samla oversikt over alle tildelingar til politisk orientering.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

RMNF tek saka til vitande med følgjande kommentar:

Søknader som legg særleg vekt på inkludering, mellom anna av menneske med nedsett funksjonsevne, bør prioriterast.

Samrøystes.

RÅDF - 015/26 Vedtak:

RMNF tek saka til vitande med følgjande kommentar:

Søknader som legg særleg vekt på inkludering, mellom anna av menneske med nedsett funksjonsevne, bør prioriterast.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 012/26 Vedtak:

Teke til vitande

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Fellesforslag Levekår, Nye kulepunkt , foreslått av Randi Laache Kilane, Kristeleg folkeparti

Kulepunkt retningslinjer: «Religiøse organisasjonar kan søkje om tilskot til barne- og ungdomsarbeid, varige tiltak el enkelttiltak for alle under 19 år»

Kulepunkt innstilling: Ordninga vert evaluert til budsjett 2027

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:

For:

Kommunedirektøren si innstilling med tillegg:

For: Samrøystes.

LEV - 019/26 Vedtak:

Levekårsutvalet vedtek reviderte retningslinjer med følgjande endring i kulepunkt:

Kulepunkt retningslinjer s 2, punkt 1.4: «Religiøse organisasjonar kan søkje om tilskot til barne- og ungdomsarbeid, varige tiltak el enkelttiltak for alle under 19 år»

- Kommunestyret vedtar vedlagte retningslinjer for kulturmidlar.
- Kommunestyret delegerer til grendeutvala å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor eigne rammer.
- Kommunestyret delegerer til idrettsrådet å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor eigne rammer.
- Tildelingsbrev frå grendeutval, idrettsråd og administrasjonen er enkeltvedtak med ordinær klagerett til hovudutval for kultur.
- Kommunen beheld ansvar for større tiltak og ordningar som ikkje er delegert.

Administrasjonen legg årleg fram samla oversikt over alle tildelingar til politisk orientering.

Nytt kulepunkt:

- Ordninga vert evaluert til budsjett 2027

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Revidering...., foreslått av Torbjørn Indrebø, Kristeleg folkeparti

Grendautvala vert tildelt 50% meir i kulturmidler. Desse skal nyttast av grendeutvala etter dei same retningslinjene som har vore gjeldande tidlegare.

Pkt 2.1 i planen vil difor utgå.

RØYSTING

Levekårsutvalet si innstilling, med tilleggforslag frå formannskapet:

For: Samrøystes.

F - 018/26 Vedtak:

Grendautvala vert tildelt 50% meir i kulturmidler. Desse skal nyttast av grendeutvala etter dei same retningslinjene som har vore gjeldande tidlegare.

Pkt 2.1 i planen vil difor utgå.

Kulepunkt retningslinjer s 2, punkt 1.4: «Religiøse organisasjonar kan søkje om tilskot til barne- og ungdomsarbeid, varige tiltak el enkelttiltak for alle under 19 år»

- Kommunestyret vedtar vedlagte retningslinjer for kulturmidlar.
- Kommunestyret delegerer til grendeutvala å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.
- Kommunestyret delegerer til idrettsrådet å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.
- Tildelingsbrev frå grendeutval, idrettsråd og administrasjonen er enkeltvedtak med ordinær klagerett til hovudutval for kultur.
- Kommunen beheld ansvar for større tiltak og ordningar som ikkje er delegert.

Administrasjonen legg årleg fram samla oversikt over alle tildelingar til politisk orientering.

Nytt kulepunkt:

- Ordninga vert evaluert til budsjett 2027

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsforslag AP og V, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Grendeutvala får tilskotet auka med 50 % basert på gjeldande satsar i 2025.

Administrasjonen legg årleg fram ei samla oversikt over alle innkomne søknader til politisk orientering

RØYSTING

Formannskapet si innstilling med endringsforslag frå AP og V:

Samrøystes.

K - 022/26 Vedtak:

Grendautvala får tilskotet auka med 50% basert på gjeldande satsar i 2025. Desse skal nyttast av grendeutvala etter dei same retningslinjene som har vore gjeldande tidlegare.

Pkt 2.1 i planen vil difor utgå.

Kulepunkt retningslinjer s 2, punkt 1.4: «Religiøse organisasjonar kan søkje om tilskot til barne- og ungdomsarbeid, varige tiltak el enkelttiltak for alle under 19 år»

- Kommunestyret vedtar vedlagte retningslinjer for kulturmidlar.
- Kommunestyret delegerer til grendeutvala å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.
- Kommunestyret delegerer til idrettsrådet å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor egne rammer.

- Tildelingsbrev frå grendeutval, idrettsråd og administrasjonen er enkeltvedtak med ordinær klagerett til hovudutval for kultur.
- Kommunen beheld ansvar for større tiltak og ordningar som ikkje er delegert.

Administrasjonen legg årleg fram ei samla oversikt over alle innkomne søknader til politisk orientering

Nytt kulepunkt:

- Ordninga vert evaluert til budsjett 2027

023/26 Skulemåltid

Kommunedirektøren si innstilling

Innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulen kan ha positive effektar for elevane og vera ei god ordning for å sikra mest mogleg like føresetnader for eit sunt kosthald. Det vil vera ei ordning som kan ha ei positiv effekt for folkehelsa. Ordninga krev større investeringar i personale, utstyr og bygg. Kommunedirektøren meiner difor at ei avgjerd knytt til innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane må setjast på vent til ein har konkludert med kva skulestruktur Suldal kommune skal ha i framtida, slik at ein kan prosjektera skulemåltidsordninga etter dette. Dette vil gi eit meir realistisk kostnadsbilete og legge føringar for praktisk gjennomføring av ordninga.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Suldal kommune innfører skulemat i form av eit sunt og enkelt måltid på barne- og mellomtrinnet i Suldalsskulen frå 1.1.2027. Ordninga skal evaluerast etter 2 år.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 012/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Ny innstilling - fellesforslag, foreslått av Iren Klungtveit Slagstad, Arbeiderpartiet

Innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulen kan ha positive effektar for elevane og vera ei god ordning for å sikra mest mogleg like føresetnader for eit sunt kosthald. Det vil vera ei ordning som kan ha ei positiv effekt for folkehelsa. Ordninga krev større investeringar i personale, utstyr og bygg. Kommunedirektøren meiner difor at ei avgjerd knytt til innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane må setjast på vent til ein har konkludert med kva skulestruktur Suldal kommune skal ha i framtida, slik at ein kan prosjektera skulemåltidsordninga etter dette. Dette vil gi eit meir realistisk kostnadsbilete og legge føringar for praktisk gjennomføring av ordninga

Levekår ønsker ein pilot kor ein tilbyr eit enkelt brødmåltid ein dag i veka på kvar skule i kommunen.

Det bes om å sjå på om det er mogleg å benytta seg av Frivillighetssentralen i organisering av arbeidet.

Pause kl. 10.53 - 11.00.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:
Fellesforslag: Samrøystes.

LEV - 016/26 Vedtak:

Innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulen kan ha positive effektar for elevane og vera ei god ordning for å sikra mest mogleg like føresetnader for eit sunt kosthald. Det vil vera ei ordning som kan ha ei positiv effekt for folkehelsa. Ordninga krev større investeringar i personale, utstyr og bygg. Kommunedirektøren meiner difor at ei avgjerd knytt til innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane må setjast på vent til ein har konkludert med kva skulestruktur Suldal kommune skal ha i framtida, slik at ein kan prosjektera skulemåltidsordninga etter dette. Dette vil gi eit meir realistisk kostnadsbilete og legge føringar for praktisk gjennomføring av ordninga

Levekår ønsker ein pilot kor ein tilbyr eit enkelt brødmåltid ein dag i veka på kvar skule i kommunen.

Det bes om å sjå på om det er mogleg å benytta seg av Frivillighetssentralen i organisering av arbeidet.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Skulemåltid, foreslått av Kari Vaage Gjuvslund, Arbeiderpartiet

Suldal kommune innfører skulemat i form av eit sunt og enkelt måltid på barne- og mellomtrinnet i Suldalsskulen frå 1.1 2027. Ordninga skal evaluerast etter 2 år.

RØYSTING

Forslag frå AP:
For: AP, KrF, SP, V

Kommunedirektøren si innstilling:
For: H

F - 027/26 Vedtak:

Suldal kommune innfører skulemat i form av eit sunt og enkelt måltid på barne- og mellomtrinnet i Suldalsskulen frå 1.1.2027. Ordninga skal evaluerast etter 2 år.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Alternativt forslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

Saka vert sendt tilbake.

Saka vert sett i samanheng med skulestrukturen som blir vedteke i 2026.

Kommunestyret ønskjer fleire alternativ til gjennomføringsmåte og meny.

redigert alternativt forslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

Saka vert sendt tilbake.

Saka vert sett i samanheng med skulestrukturen som blir vedteke.

Kommunestyret ønskjer fleire alternativ til gjennomføringsmåte og meny, mellom anna nytta lokalt næringsliv og andre aktørar.

Tilleggsforlag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Kommunedirektøren kartleggjer behovet på skulane

Øyvind Tveitane Lovra SP ber om gruppemøte.
Gruppemøte kl. 11:16-11:32.

RØYSTING

Redigert alternativ forslag frå SV:
Samrøystes.

Tilleggsforslag frå V og KrF:
For: 12 - H, SP, Krf, V
Mot: 7 - AP, SV

K - 023/26 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake.

Saka vert sett i samanheng med skulestrukturen som blir vedteke.

Kommunestyret ønskjer fleire alternativ til gjennomføringsmåte og meny, mellom anna nytta lokalt næringsliv og andre aktørar.

Kommunedirektøren kartleggjer behovet på skulane.

024/26 Helsekonsekvensutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til eksisterande drift ved Mibau Stema.

Utgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete av samla belastning på nærområda og danne grunnlag for vidare oppfølging av verksemda i tråd med kommunen sitt ansvar etter folkehelseloven.

Utgreiinga er ei sjølvstendig oppfølging av eksisterande drift, og skal samstundes bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid etter folkehelseloven.

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Mibau Stema med sikte på at verksemda bidreg til å dekke heile eller delar av kostnadene knytt til utgreiinga, då behovet for utgreiinga i stor grad er knytt til den aktuelle verksemda.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Representanten Kristine Bøe Berge, AP, spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Rådet frå kommuendirektøren.

Resultatet av utgreiinga kan få direkte betydning for drifta til Mibau Stema og kan danne grunnlag for tiltak fra kommunen. selskapet må difor reknast som part i saken. På bakgrunn av at selskapet anses å være part etter forvaltningsloven § 2, er styremedlem automatisk ugild. Ektefelle til styremedlem må vurderast etter forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Om det er særreigne forhold som kan svekke tillitten. Omsyn til tillit i lokalsamfunnet gjer at ein rår til at representant Berge er ugild i saka.

LMT-utvalet finn representanten ugild. Representanten går ut kl. 13:25.

Kommunedirektøren redegjer kort for saka.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling: Samrøystes vedtatt.

Kristine tilbake i rommet kl. 13:37.

LMT - 036/26 Vedtak:

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterer kort om saka.

RØYSTING:

Kommunedirektøren si innstilling:

For: Samrøystes.

LEV - 018/26 Vedtak:

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Forslag om nytt vedtak, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til eksisterande drift ved Mibau Stema.

Utgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete av samla belastning på nærområda og danne grunnlag for vidare oppfølging av verksemda i tråd med kommunen sitt ansvar etter folkehelseloven.

Utgreiinga er ei sjølvstendig oppfølging av eksisterande drift, og skal samstundes bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid etter folkehelseloven.

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Mibau Stema med sikte på at verksemda bidreg til å dekke heile eller delar av kostnadene knytt til utgreiinga, då behovet for utgreiinga i stor grad er knytt til den aktuelle verksemda.

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med fellesforslaget.

F - 024/26 Vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til eksisterande drift ved Mibau Stema.

Utgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete av samla belastning på nærområda og danne grunnlag for vidare oppfølging av verksemda i tråd med kommunen sitt ansvar etter folkehelseloven.

Utgreiinga er ei sjølvstendig oppfølging av eksisterande drift, og skal samstundes bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid etter folkehelseloven.

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Mibau Stema med sikte på at verksemda bidreg til å dekke heile eller delar av kostnadene knytt til utgreiinga, då behovet for utgreiinga i stor grad er knytt til den aktuelle verksemda.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Representantane Kristine Bøe Berge AP og Stian Ollila AP spør seg ugilde.

Kommunestyret finn representanten Ollila ugild etter forvaltningslova § 6 første ledd og representanten Berge ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

Representantane trer frå under handsaminga kl. 12:20.

Representanten Harald Bjarne Hellesen H spør seg ugild.

Kommunestyret finn representanten ugild etter kommunelova § 11-10 andre ledd.

Representanten går frå bordet kl. 12:21.

Sølve Myrvang AP ber om gruppemøte.

Gruppemøte kl. 12:31 - 12:40.

Fellesforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing for næringslivet i Suldal.

Større verksemder som til dømes Mibau Stema kan vere pilot.

Utgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete av samla belastning på nærområda og danne grunnlag for vidare oppfølging av verksemda i tråd med kommunen sitt ansvar etter folkehelseloven.

Utgreiinga er ei sjølvstendig oppfølging av eksisterande drift, og skal samstundes bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid etter folkehelseloven.

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med større verksemder med sikte på at verksemdene kan bidra til å dekke heile eller delar av kostnadene knytt til utgreiinga.

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med fellesforslag.

Representantane Berge, Ollila og Hellesen kjem tilbake til bordet kl. 12:43.

K - 024/26 Vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing for næringslivet i Suldal.

Større verksemder som til dømes Mibau Stema kan vere pilot.

Utgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete av samla belastning på nærområda og danne grunnlag for vidare oppfølging av verksemda i tråd med kommunen sitt ansvar etter folkehelseloven.

Utgreiinga er ei sjølvstendig oppfølging av eksisterande drift, og skal samstundes bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid etter folkehelseloven.

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med større verksemder med sikte på at verksemdene kan bidra til å dekke heile eller delar av kostnadene knytt til utgreiinga.

025/26 Heilskapleg bustadstrategi

Kommunedirektøren si innstilling

1. Framlegg til Heilskapleg bustadstrategi vert sendt grendeutvala til uttale. Uttalefrist 01.07.2026.
2. Heilskapleg bustadstrategi og Bustadsosial handlingsplan vert slutthandsama i kommunestyret hausten 2026.

Tiltaket blir finansiert ved:

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

1. Framlegg til Heilskapleg bustadstrategi vert sendt grendeutvala til uttale. Uttalefrist 01.07.2026.
2. Heilskapleg bustadstrategi og Bustadsosial handlingsplan vert slutthandsama i kommunestyret hausten 2026.

Tiltaket blir finansiert ved:

23.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

F - 020/26 Vedtak:

1. Framlegg til Heilskapleg bustadstrategi vert sendt grendeutvala til uttale. Uttalefrist 01.07.2026.
2. Heilskapleg bustadstrategi og Bustadsosial handlingsplan vert slutthandsama i kommunestyret hausten 2026.

Tiltaket blir finansiert ved:

07.05.2026 Kommunestyret**Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 025/26 Vedtak:

1. Framlegg til Heilskapleg bustadstrategi vert sendt grendeutvala til uttale. Uttalefrist 01.07.2026.
2. Heilskapleg bustadstrategi og Bustadsosial handlingsplan vert slutthandsama i kommunestyret hausten 2026.

Tiltaket blir finansiert ved:

026/26 Strategisk næringsplan 2026-2030

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret vedtek Strategisk næringsplan for Suldal kommune 2026–2030 slik den ligg føre med tilhøyrande handlingsprogram.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Formannskapet vedtek Strategisk næringsplan for Suldal kommune 2026–2030 slik den ligg føre med tilhøyrande handlingsprogram, med følgjande endringar:

Formannskapet ber kommunedirektøren om å leggja til følgjande endringar og presiseringar i strategisk næringsplan

- Side 6 – Vise til politisk vedtak om å utarbeida strategisk næringsplan i budsjettet for 2024.
- Side 6 – Ta inn tydelegare forankring i eksisterande næringsliv som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping.
- Side 9 – Punkt 2 endrast til: «Ein meir berekraftig befolkningsutvikling med fleire folk i arbeidsfør alder».
- Side 9/10 – Ta inn omtale av bergverks- og steinindustrien, inkludert Mibau Stema, som viktig næring.
- Side 10 – Ta inn noko om viktigheita av samhandling mellom politisk og administrativt nivå.
- Side 18 – Endrast til: «...i nærleik til eksisterande og ny kraftinfrastruktur».
- Side 22 – Ta inn omtale av fjellhallar i Øvre Suldal.
- Side 22–24 – Ta inn samarbeid med Stavanger kommune og Nord-Jæren.
- Side 22–24 – Ta inn meir om regionalt samarbeid i Ryfylke og Ryfylke IKS.
- Side 22–24 – Ta inn betre samspel mellom nye satsingar og eksisterande næringsliv.
- Side 23 – Skriv inn Næringshagen i Ryfylke som samarbeidspartnar.
- Side 24 – Endrast til: «...ringverknader, komparative fortrinn, diversifisering og berekraftig vekst».
- Side 24 – Utvida prioriteringspunktet med utvikling av eksisterande næringar og lokale ringverknader.
- Side 24 – Ta inn vurdering av effekt på næringar som bygg og anlegg, handel og service, transport/logistikk og reiseliv.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Fellesforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Formannskapet ber kommunedirektøren om å leggja til følgjande endringar og presiseringar i strategisk næringsplan

- Side 6 – Vise til politisk vedtak om å utarbeida strategisk næringsplan i budsjettet for 2024.
- Side 6 – Ta inn tydelegare forankring i eksisterande næringsliv som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping.
- Side 9 – Punkt 2 endrast til: «Ein meir berekraftig befolkningsutvikling med fleire folk i arbeidsfør alder».
- Side 9/10 – Ta inn omtale av bergverks- og steinindustrien, inkludert Mibau Stema, som viktig næring.
- Side 10 – Ta inn noko om viktigheita av samhandling mellom politisk og administrativt nivå.
- Side 18 – Endrast til: «...i nærleik til eksisterande og ny kraftinfrastruktur».
- Side 22 – Ta inn omtale av fjellhallar i Øvre Suldal.
- Side 22–24 – Ta inn samarbeid med Stavanger kommune og Nord-Jæren.
- Side 22–24 – Ta inn meir om regionalt samarbeid i Ryfylke og Ryfylke IKS.
- Side 22–24 – Ta inn betre samspel mellom nye satsingar og eksisterande næringsliv.
- Side 23 – Skriv inn Næringshagen i Ryfylke som samarbeidspartnar.
- Side 24 – Endrast til: «...ringverknader, komparative fortrinn, diversifisering og berekraftig vekst».
- Side 24 – Utvida prioriteringspunktet med utvikling av eksisterande næringar og lokale ringverknader.
- Side 24 – Ta inn vurdering av effekt på næringar som bygg og anlegg, handel og service, transport/logistikk og reiseliv.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling med endringar frå fellesforslag:

For: Samrøystes.

F - 021/26 Vedtak:

Formannskapet vedtek Strategisk næringsplan for Suldal kommune 2026–2030 slik den ligg føre med tilhøyrande handlingsprogram, med følgjande endringar:

Formannskapet ber kommunedirektøren om å leggja til følgjande endringar og presiseringar i strategisk næringsplan

- Side 6 – Vise til politisk vedtak om å utarbeida strategisk næringsplan i budsjettet for 2024.
- Side 6 – Ta inn tydelegare forankring i eksisterande næringsliv som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping.
- Side 9 – Punkt 2 endrast til: «Ein meir berekraftig befolkningsutvikling med fleire folk i arbeidsfør alder».
- Side 9/10 – Ta inn omtale av bergverks- og steinindustrien, inkludert Mibau Stema, som viktig næring.
- Side 10 – Ta inn noko om viktigheita av samhandling mellom politisk og administrativt nivå.
- Side 18 – Endrast til: «...i nærleik til eksisterande og ny kraftinfrastruktur».
- Side 22 – Ta inn omtale av fjellhallar i Øvre Suldal.
- Side 22–24 – Ta inn samarbeid med Stavanger kommune og Nord-Jæren.
- Side 22–24 – Ta inn meir om regionalt samarbeid i Ryfylke og Ryfylke IKS.
- Side 22–24 – Ta inn betre samspel mellom nye satsingar og eksisterande næringsliv.
- Side 23 – Skriv inn Næringshagen i Ryfylke som samarbeidspartnar.
- Side 24 – Endrast til: «...ringverknader, komparative fortrinn, diversifisering og berekraftig vekst».
- Side 24 – Utvida prioriteringspunktet med utvikling av eksisterande næringar og lokale ringverknader.
- Side 24 – Ta inn vurdering av effekt på næringar som bygg og anlegg, handel og service, transport/logistikk og reiseliv.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsforslag frå SP, foreslått av Berit Fyljesvoll Haugsland, Senterpartiet

Til Forord pkt 4og mellom næringsliv og grunneigarar, for å utnytte ringverknadar for primærnæringene og lokalsamfunn

RØYSTING

Innstillinga frå formannskapet med tilleggsforslag frå SP:
Samrøystes.

K - 026/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Strategisk næringsplan for Suldal kommune 2026–2030 slik den ligg føre med tilhøyrande handlingsprogram, med følgjande endringar:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja til følgjande endringar og presiseringar i strategisk næringsplan

- Side 6 – Vise til politisk vedtak om å utarbeida strategisk næringsplan i budsjettet for 2024.
- Side 6 – Ta inn tydelegare forankring i eksisterande næringsliv som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping.
- Side 9 – Punkt 2 endrast til: «Ein meir berekraftig befolkningsutvikling med fleire folk i arbeidsfør alder».

- Side 9/10 – Ta inn omtale av bergverks- og steinindustrien, inkludert Mibau Stema, som viktig næring.
- Side 10 – Ta inn noko om viktigheita av samhandling mellom politisk og administrativt nivå.
- Side 18 – Endrast til: «...i nærleik til eksisterande og ny kraftinfrastruktur».
- Side 22 – Ta inn omtale av fjellhallar i Øvre Suldal.
- Side 22–24 – Ta inn samarbeid med Stavanger kommune og Nord-Jæren.
- Side 22–24 – Ta inn meir om regionalt samarbeid i Ryfylke og Ryfylke IKS.
- Side 22–24 – Ta inn betre samspel mellom nye satsingar og eksisterande næringsliv.
- Side 23 – Skriv inn Næringshagen i Ryfylke som samarbeidspartnar.
- Side 24 – Endrast til: «...ringverknader, komparative fortrinn, diversifisering og berekraftig vekst».
- Side 24 – Utvida prioriteringspunktet med utvikling av eksisterande næringar og lokale ringverknader.
- Side 24 – Ta inn vurdering av effekt på næringar som bygg og anlegg, handel og service, transport/logistikk og reiseliv.

Til Forord pkt 4og mellom næringsliv og grunneigarar, for å utnytta ringverknadar for primærnæringsene og lokalsamfunn

027/26 Kammen - bustadområde avsett i kommuneplanen

Kommunedirektøren si innstilling

1. Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031
2. Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og til at ein ikkje går vidare med utarbeiding av reguleringsplan for området.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Punkt 1 samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

RØYSTING

Punkt 1: Samrøystes

Punkt 2:

LMT - 039/26 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med alternativ 1.

F - 026/26 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 027/26 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031

028/26 Vatn og avlaupshandtering frå krysset inn til Nedre Dalane og opp mot Olastien - tilleggsløyving

Kommunedirektøren si innstilling

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:

Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:

Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 037/26 Vedtak:

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:

Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå LMT.

F - 029/26 Vedtak:

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:
Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.
07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 028/26 Vedtak:

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:
Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

029/26 Vinjarheim - riving av 3 omsorgsbustader

Kommunedirektøren si innstilling

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:
Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:
Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 014/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.
20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 008/26 Vedtak:

Teke til vitande. Elles er det innspel om at Eldrerådet ønskjer det skal heite Vinjarheim framleis.

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

RØYSTING:

Kommunedirektøren si innstilling:
Samrøystes.

LEV - 020/26 Vedtak:

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:
Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:

For: 4 AP, V, KrF

Mot: 3 H og SP

F - 025/26 Vedtak:

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:
Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

RØYSTING

Innstillinga frå formannskapet:

For: 13 - AP, KrF, V, SV, Øystein Wigestrands SP, Åsmund Bakka SP

Mot: 6 - H, Geir Ove Løland SP, Øyvind Tveitane Lovra SP, Åshild Vetthus SP, Berit Fyljesvoll Haugslund SP

K - 029/26 Vedtak:

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:
Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

030/26 Sommarleir for krigsramma barn frå Tiahyn kommune og kulturelt samarbeid sommaren 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune løyver kr 230 000 til gjennomføring av sommarleir for krigsramma barn frå Tiahyn kommune og til det planlagde kulturelle samarbeidet sommaren 2026.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

F - 028/26 Vedtak:

Suldal kommune løyver kr 230 000 til gjennomføring av sommarleir for krigsramma barn frå Tiahyn kommune og til det planlagde kulturelle samarbeidet sommaren 2026.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 030/26 Vedtak:

Suldal kommune løyver kr 230 000 til gjennomføring av sommarleir for krigsramma barn frå Tiahyn kommune og til det planlagde kulturelle samarbeidet sommaren 2026.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

031/26 Klage på avslag om støtte til energieffektivisering

Kommunedirektøren si innstilling

Formannskapet i Suldal gjer følgjande vedtak i klagesaker på avslag til tilskot til energieffektivisering:

1. Signy Øvrebø. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
2. Siv Hodne. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
3. Suldal Ungdomslag. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
4. Synnøve Velure Fjetland. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
5. Vigdis Nøkling. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
6. Tor Harald Eide. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
7. Oddvar Lyse. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
8. Xenia Berkova. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
9. Marta Nerheim Tjordal. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
10. Ådne Jordebrekk Fermann. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
11. Helene Hagen. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
12. Bjørn Leirvik. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
13. Astrid van Zijp. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
14. Eir Høydal. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
15. Sveinung Steine. Klagen blir ikkje tatt til følgje.
16. David Larsen. Klagen blir ikkje tatt til følgje.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

Suldal kommune skal handsame alle søknadane som kom inn innan kl. 24:00, 1. mars 2026. Tiltaket blir finansiert med overføringar frå disposisjonsfondet på inntil 5 millionar.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Representanten Sverre Underbakke H ber om å få fritak frå deltaking i debatten. Bakgrunnen er ikkje ugildskap, men omsyn til tilliten til dei politiske vedtaka.

Formannskapet vedtek samrøystes at representanten Sverre Underbakke H ikkje deltek i den vidare handsaminga av saka.

Fellesforslag, foreslått av Kari Vaage Gjuvsland, Arbeiderpartiet

Suldal kommune skal handsame alle søknadane som kom inn innan kl. 24:00, 1. mars 2026. Tiltaket blir finansiert med overføringar frå disposisjonsfondet på inntil 5 millionar.

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med fellesforslaget.

F - 017/26 Vedtak:

Suldal kommune skal handsame alle søknadane som kom inn innan kl. 24:00, 1. mars 2026. Tiltaket blir finansiert med overføringar frå disposisjonsfondet på inntil 5 millionar.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Representantane Harald Bjarne Hellesen H og Berit Fyljesvoll Haugslund SP spør seg ugilde som søkjarar om energieffektiviserande tiltak.

Med grunnlag i vurderingane som vart gjorde i formannskapet, finn kommunestyret representantane Hellesen H og Haugslund SP ugilde i saka. Dei trer frå bordet kl. 13:04.

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 031/26 Vedtak:

Suldal kommune skal handsame alle søknadane som kom inn innan kl. 24:00, 1. mars 2026. Tiltaket blir finansiert med overføringar frå disposisjonsfondet på inntil 5 millionar.

032/26 Klage - søknad om støtte til bustadbygging

Kommunedirektøren si innstilling

Kristin Austarå si klage blir ikkje tatt til følgje.

Marius Stople Berge si klage blir ikkje tatt til følgje.

Fredrik Bjørgen si klage blir ikkje tatt til følgje.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 23.04.2026

- Kristin Austarå sin klage blir tatt til følgje dersom ho kan dokumentere juridisk eigarskap til bustaden. Avkortning på linje med dei andre søknadane.
- Marius Stople Berge sin klage blir tatt til følge.
- Fredrik Bjørgen sin klage blir avvist.
- Tiltak blir finansiert frå disposisjonsfondet: kr. 305 000.

23.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Mads Drange AP, lukkar møte jamfør forvaltningslova § 13. kl. 10.03.

Fellesforslag, foreslått av Mads Drange, Arbeiderpartiet

- Kristin Austarå sin klage blir tatt til følge dersom ho kan dokumentere juridisk eigarskap til bustaden. Avkortning på linje med dei andre søknadane.
- Marius Stople Berge sin klage blir tatt til følge.
- Fredrik Bjørgen sin klage blir avvist.
- Tiltak blir finansiert ved bruk av disposisjonsfondet: kr. 305 000.

6 minutt pause kl. 10.29 - 10.35.

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med fellesforslaget.

Opnar møtet kl. 10.39

F - 016/26 Vedtak:

- Kristin Austarå sin klage blir tatt til følge dersom ho kan dokumentere juridisk eigarskap til bustaden. Avkortning på linje med dei andre søknadane.
- Marius Stople Berge sin klage blir tatt til følge.
- Fredrik Bjørgen sin klage blir avvist.
- Tiltak blir finansiert frå disposisjonsfondet: kr. 305 000.

07.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

K - 032/26 Vedtak:

- Kristin Austarå sin klage blir tatt til følge dersom ho kan dokumentere juridisk eigarskap til bustaden. Avkortning på linje med dei andre søknadane.
- Marius Stople Berge sin klage blir tatt til følge.
- Fredrik Bjørgen sin klage blir avvist.
- Tiltak blir finansiert frå disposisjonsfondet: kr. 305 000.